

Reinheimen

Nyregistreringar av fangstminne 2010-2011

Runar Hole og Per Jordhøy



NINAs publikasjoner

NINA Rapport

Dette er en elektronisk serie fra 2005 som erstatter de tidligere seriene NINA Fagrapport, NINA Oppdragsmelding og NINA Project Report. Normalt er dette NINAs rapportering til oppdragsgiver etter gjennomført forsknings-, overvåkings- eller utredningsarbeid. I tillegg vil serien favne mye av instituttets øvrige rapportering, for eksempel fra seminarer og konferanser, resultater av eget forsknings- og utredningsarbeid og litteraturstudier. NINA Rapport kan også utgis på annet språk når det er hensiktsmessig.

NINA Temahefte

Som navnet angir behandler temaheftene spesielle emner. Heftene utarbeides etter behov og serien favner svært vidt; fra systematiske bestemmelsesnøkler til informasjon om viktige problemstillinger i samfunnet. NINA Temahefte gis vanligvis en populærvitenskapelig form med mer vekt på illustrasjoner enn NINA Rapport.

NINA Fakta

Faktaarkene har som mål å gjøre NINAs forskningsresultater raskt og enkelt tilgjengelig for et større publikum. De sendes til presse, ideelle organisasjoner, naturforvaltningen på ulike nivå, politikere og andre spesielt interesserte. Faktaarkene gir en kort framstilling av noen av våre viktigste forskningstema.

Annen publisering

I tillegg til rapporteringen i NINAs egne serier publiserer instituttets ansatte en stor del av sine vitenskapelige resultater i internasjonale journaler, populærfaglige bøker og tidsskrifter.

Reinheimen

Nyregistreringar av fangstminne 2010-2011

Runar Hole
Per Jordhøy

Hole, R. og Jordhøy, P. 2012. Reinheimen - Nyregistreringar av fangstminne 2010-2011. Rapport 784. 27 s. + vedlegg.

Trondheim 15.11.2013

ISSN: 1504-3312

ISBN: 978-82-426-2223-5

RETTIGHETSHAVER

© Norsk institutt for naturforskning

Publikasjonen kan siteres fritt med kildeangivelse

TILGJENGELIGHET

Open

PUBLISERINGSTYPE

Digitalt dokument (pdf)

REDAKSJON

Per Jordhøy og Runar Hole

KVALITETSSIKRET AV

Inga E. Bruteig

ANSVARLIG SIGNATUR

Forskningsjef Inga E. Bruteig (sign.)

OPPDRAKSGIVER(E)

Kontaktutvalet for Reinheimen nasjonalpark (KUR)

KONTAKTPERSON(ER) HOS OPPDRAGSGIVER

Trond Stensby

FORSIDEBILDE

Per Jordhøy©

NØKKEWORD

- Reinheimen
- Villrein
- Fangstkultur
- Statusrapport

KEY WORDS

Reindeer, trapping history, Reinheimen

KONTAKTOPPLYSNINGER

NINA hovedkontor

Postboks 5685 Sluppen
7485 Trondheim
Telefon: 73 80 14 00

NINA Oslo

Gaustadalléen 21
0349 Oslo
Telefon: 73 80 14 00

NINA Tromsø

Framsenteret
9296 Tromsø
Telefon: 77 75 04 00

NINA Lillehammer

Fakkeldgården
2624 Lillehammer
Telefon: 73 80 14 00

Samandrag

Hole, R. og Jordhøy, P. 2012. Reinheimen - Nyregistreringar av fangstminne 2010-2011. NINA-rapport 784. 27 s. + vedlegg.

Dette prosjektet har teke sikte på å få samla inn supplerande fangstminnedata i Reinheimen nasjonalpark i perioden 2010-2011, og da særskilt i dei vestlege delane av denne. Prosjektet har involvert lokal kompetanse i stor grad. Tidlegare nedteikningar av fangstminne har vore nytta som grunnlag, i dei høve slike har ligge føre. Vi har nytta ein standard registreringsprosedyre med relevante parameter. Eit stort tal fangstminne er registrert av NINA i Reinheimen i perioden 2000-2009. Desse og seinare registreringar er kvalitetssikra vil om kort tid bli tilgjengeleg i eiga database. I 2010 vart det samla inn totalt 335 registreringar/data i NINA-regi frå 11 lokalitetar. I 2011 vart det tilsvarande samla inn totalt 358 registreringar/data frå 25 lokalitetar. Alle lokalitetane er skildra og diskutert, og dei største fangstanlegga er visualisert på kart. I dei austlege områda som vart synfart og studert i 2010 er det med eit breitt spekter av fangstanlegg. I dei vestlege områda som vart synfart og studert i 2011 er det hovudsakeleg bågastøanlegg. Dei dokumenterer at reinen har nytta mykje av dei smale og bratte fjellpartia utover mot kysten i tidlegare tider. Hovudsakeleg har nok dette vore sommarområde for dyra.

Runar Hole, 2660 Dombås, runar.hole@gmail.com

Per Jordhøy, Norwegian Institute for Nature Research, P.O. Box 5685 Sluppen, NO-7485 Trondheim. per.jordhoy@nina.no

Innhold

Samandrag	3
Innhold	4
Føreord	5
1 Innleiing	6
2 Metode og registreringsprosedyre	7
3 Materiale	7
3.1 Registreringar 2010	7
3.2 Registreringar 2011	8
4 Resultat og diskusjon	8
4.1 Kartlagte anlegg 2010	8
4.1.1 Liafjellet	8
4.1.2 Verket, ny innmåling	9
4.1.3 Litlejordshornet	10
4.1.4 Mindre kartlagte anlegg	11
4.2 Kartlagte anlegg 2011	14
4.2.1 Strupen ved Middagshesten	14
4.2.2 Storvatnet i Dyrdalen	15
4.2.3 Bolletehornet	16
4.2.4 Heregga	17
4.2.5 Ringshornet	18
4.2.6 Oaldsvatnet og Nonsvatnet, Norddal	19
4.2.7 Skildring av andre fangstanlegg kartlagt i 2011	21
4.2.8 Registreringar i Lordalsområdet 2011	24
4.2.9 Andre registreringar i vestområda	25
5 Referansar	28
Vedlegg 1. Metodeskildring	29
Vedlegg 2. Årsrapport Feltarbeid 2010	31
Vedlegg 3. Årsrapport Feltarbeid 2011	34
Vedlegg 4. Brev med prosjektavtale	36

Føreord

Denne rapporten er eit supplement til det fleirårige prosjektet Fangstkultur i fjellet, som går ut på å få kartfesta fangstminna i sør-norske villreinområde. Dette prosjektet har teke sikte på å få samla inn supplerande fangstminnedata i Reinheimen nasjonalpark i perioden 2010-2011, og da særskilt i dei vestlege delane av denne.

Ansvarleg for prosjektet har vore Runar Hole og Per Jordhøy. Eit stort feltmannskap, fyrst og fremst lokale kompetansepersonar, har med stor entusiasme og fagleg dyktigheit gjennomført registreringsarbeid på dei ulike anlegga. Takk til Asle Heggheim, Astor Furseth, Endre Hage, Kjersti Tiedemansen, Per Dagsgard, Reidar Marstein, Rolf Sørungård for viktige bidrag her.

Takkast skal og andre som på eit eller anna vis har bidrege med supplerande informasjon. Utan alle desse støttespelarane har det vore vanskeleg å gjennomføra prosjektet.

I samband med prosjektet har det vore halde to møte med lokale fangstminnegranskarar i Norddal og på Åndalsnes (6. og 28. sept. 2010), og det har vore ein open dag for interesserte fangstminnegranskarar og historikarar i området Honnsjoen – Liafjellet (9. august 2010). I 2011 var det faggruppemøte på Hjerkin 16. mars. Vidare var det møte med lokale fangstminnegranskarar i Valldal 14. juni. Vidare hadde Runar Hole foredrag og guida tur til Grovaskarbotn 14. og 15. juli, i samband med Fjellfestivalen på Åndalsnes. 6. og 7.januar 2012 var det møte med lokale fangstminnegranskarar i Norddal.

NINA v Per Jordhøy fremma i brev dagsett 29.01.10, søknad til Kontaktutvalet for Reinheimen (KUR) om tilskott til registreringsarbeidet. KUR løyvde kr. 180.000,- under føresetnad av at det vart utarbeidd ein fagrapport i tekst og som geodata.

Vi takkar for godt samarbeid!

Trondheim 15. november 2013

Runar Hole og Per Jordhøy

1 Innleiing

Fragmentering av faunaen sine leveområde er i dag eit av dei største trugsmåla mot naturen sitt mangfald. Reinen er her særleg utsett fordi den er tilpassa å vandre og utnytte store areal.


For å forstå korleis vi skal forvalte reinen sine leveområde treng vi kunnskap om dynamikken i reinsdyra sin arealbruk. Denne kan vi få på ulike vis. Gamle fangstanlegg i fjellet, med tilhøyrande buplassar og lausfunn, utgjer her eit viktig kunnskapselement for forståinga av reinen sitt bruksmønster, ikkje minst sett i eit langt tidsperspektiv. Dette materialet kan seie oss noko om i kva grad det i tidlegare tider har vore større reintrekk (storskalamigrasjonar) i motsetnad til migrasjonsmønsteret vi ser i dag, som viser ein meir avgrensa arealbruk. Forståinga av ein slik endringsprosess og kva som har vore reinen sin optimale beitebruk og trekk-mønster på den skandinaviske halvøya, vil vere til hjelp i areal- og bestandsforvaltning i høve til dagens villreinbestand.

Ein sideordna gevinst ved registreringsarbeidet er knytt til kulturminnevernet. Alle registrerte objekt utgjer freda kulturminne, og dei vert gjennom dette arbeidet godt verifisert og nøyaktig stadfesta. Data skal enkelt kunne integrerast i Riksantikvaren sin kulturminnebase. Alle data er no kvalitetssikra og samla i ein felles database i NINA. ØK-kart med innlagte objekt vil og vere eit viktig hjelpemiddel i arealforvaltningstilhøve.

Denne rapporten rapporten viser resultat frå supplerande undersøkingar i Reinheimen, der data er samla inn etter standard metode. Vilkåra framgår i vedlegg 4.

2 Metode og registreringsprosedyre

Tidlegare nedteikningar av fangstminne har vore nytta som grunnlag, i dei høve slike har ligge føre. Vi har nytta ein standard registreringsprosedyre med relevante parameter (Jordhøy mfl. 2005, 2007, vedlegg 1.) som vi nyttar ved innmåling av anlegg i denne type kartlegging. Det blir teke mål av fangstgroper (jordgravde) etter ein nøye oppsett mal (**figur 1**), samt leia på gropene i grader (også for bågåstør). Nøye lokalisering av objekta ved hjelp av GPS-teknologi har vore eit viktig hjelpemiddel. Dataprogrammet ArcView eller Map source har i neste omgang vorte nytta for å generera data inn i digitale kart. Dette har vore viktig for å kunne tolka anlegga sin funksjon.



Figur 1. Tverrsnitt av jordgravd fangstgrop og korleis måla blir tekne.

3 Materiale

Eit stort tal fangstminne er registrert av NINA i Reinheimen i perioden 2000-2009. Desse og seinare registreringar er kvalitetssikra og framgår i eiga database (www.nina.no).

3.1 Registreringar 2010

I 2010 vart det samla inn 335 registreringar/data frå følgjande lokalitetar (sjå elles **vedlegg 1**):

- Henninghøe, Kjølén, Lesja – fangstgroper
- Galåe, Lesja – 6 fangstgroper
- Leirhø og Fellinghø, Lesja – fangstgroper
- Søre Løfte, Lesja – fangstgroper
- Store Lusa og Honnsjoen, Lom – fangstgroper
- Liafjellet, Lom – fangstgroprekke
- Skaihø og Sterringhø, Lom/Vågå – bågåstør
- Grøndalen, Lesja – fangstgroper, steinbu
- Litlejordshornet, Norddal – bågåstør
- Verket, Lesja – ny innmåling av stolpehol
- Asbjørnsdalen, Lesja – fangstgroper

3.2 Registreringar 2011

I 2011 vart det samla inn 358 registreringar/data frå fylgjande lokalitetar (sjå elles **vedlegg 2**):

- Knutskoppen, Norddal – 2 bågåstøer
- Dyrdalen, Stordal – bågåstøer
- Kupene/Strupen, Norddal – 20 bågåstøer
- Grovaskarsbotn, Rauma – 6 fangstgroper, 2 bågåstøer
- Storvatnet, Norddal – 23 bågåstøer
- Middagshesten, Norddal – 12 bågåstøer, 1 steinbu
- Gråsteindalen, Stranda – 3 bågåstøer, 1 steinbu
- Alnesdalen, Rauma – 8 bågåstøer, 2 fangstgroper
- Bolletehornet, Norddal – 25 bågåstøer
- Heregga, Norddal – 19 bågåstøer
- Isglupane, Norddal/Rauma – 13 bågåstøer
- Pyttbudalen, Rauma – 2 steinbuer
- Vermevatnet, Rauma – bågåstøer/fangstgroper
- Ringshornet, Norddal – 14 bågåstøer
- Blåfjellet, Norddal – 10 bågåstøer
- Trollkyrkja, Norddal – 11 bågåstøer
- Muldalslaupet og Glupen, Norddal – bågåstøer
- Vermedalen og Langvatnet, Rauma – bågåstøer/fangstgroper
- Oaldsvatnet og Nonsvatnet, Norddal – 33 bågåstøer
- Hegguraksla, Norddal – 16 bågåstøer
- Alnesreset, Rauma/Norddal – 2 steinbuer
- Slettflybotvatnet og Kulevatnet, Rauma/Norddal – bågåstøer
- Steindalen, Norddal – 4 steinbuer
- Gråvåtjøn, Lesja – 17 fangstgroper, 1 steinbu
- Sletthø, Lesja – 2 fangstgroper, 2 bågåstøer
- Bjøknesetra, Lordalen – Lesja, 14 fangstgroper

4 Resultat og diskusjon

4.1 Kartlagte anlegg 2010


I det fylgjande framgår nokre av dei større anlegga som vart kartlagt i 2010.

4.1.1 Liafjellet

Liafjelltangen har fleire kjente lokalitetar med fangstanlegg. Landskapsform og topografi gjer det særst godt eigna til reinfangst. Det smale innfallspartiet ved Liaokslid har vore "avstengt" med ei fangstgroprekke på 77 groper (jordgravde). Mellom denne rekka og Honnsjoen er det og eit betydeleg tal med fangstgroper og bågåstøer (**figur 2**).

I Skaihø og Sterringhø er det større konsentrasjonar med bågåstøer som særleg ved Skaihø har vore anlagt ved større fonner. Sjeldan finn ein samlingar av så mange bågåstøer inne i dei sentrale fjellområda som på høgste partia av Liafjelltangen (1500–1600 moh.). Ein ser også at det er alternative plasseringar på bågåstøene i høve til fonnkanten. Mange bågåstøer var nok difor dekt av fonna først i jaktseongen, men kunne brukast så snart den var framsmelta seinare mot hausten. Omsynet til skiftande vindretningar har nok også påverka utforminga og omfanget på anlegget.


Den største konsentrasjonen av bågåstøer ved Skaihø ligg i eit langstrakt nord-sørorientert belte i austskråninga mellom høgdde 1513 moh. og tjørna som Gymmergrovi har utløp frå. Aust og sør frå denne tjørna er det også nokre spreidde bågåstøer. Anlegget ligg i søkket vel 1 km aust for sjølve toppen av Skaihø. I alt fann vi 97 bågåstøer og fire fangstgroper under registreringsarbeidet her i 2010. Anlegget er tidlegare kjent og omtala av mellom anna Mølmen (1988). Det er også det liknande bågåstøanlegget på Sterringhø (1539 moh.) 2–3 km lengre mot vest nord-vest. Her vart det funne i alt 32 bågåstøer, samt ei fangstgrop og restane etter ei gamal steinbu. Den største konsentrasjonen på 20 bågåstøer er her rundt sjølve hovudtoppen. Dei er noko spreidd plassert utan nokon klar struktur slik som ved Skaihø.



Figur 2. Oversyn over fangstanlegga på Liafjelltangen og ved Honnsjoen.

4.1.2 Verket, ny innmåling


Ved registrering av anlegget i 2000 vart standard registreringsprosedyre fylgt og GPS-posisjon vart registrert i kvart 4–8 stolpehol, avhengig av synbarheit, noko som vart vurdert tilstrekkeleg til å kunne framstille/visualisere og tolke anlegget på kart og i eit digitalt 3-dimensjonalt bilde. Hausten 2010 vart alle synlege stolpehol målt inn på nytt, for å få eit enda meir nøyaktig bilde av anlegget (Jordhøy 2013). Bilvegen over Slådalen har ført til at fleire stolpehol er øydelagt, spesielt i det søre gjerdet mellom avlivingskvea og samlekvea (**figur 3**).



Figur 3. Rusefangstanlegget på Verket med bægjer (ledegjerder), samlekve og avlivingskve framstilt på kart. Vegskjeringane ved Slådalsvegen er antyda med gråe strek. fangstbuplassen er markert nord for avlivingskvea. «Buplassen» som er markert ved søre bægjet er truleg eit falkefangstanlegg. Kart: NVS/NINA.

4.1.3 Litlejordshornet

Dette store bågastøanlegget har tidlegare vore skildra av Mølmen (1998). Anlegget vart nyregistrert av NINA sommaren 2010 saman med lokale historikarar. Det vart funne og målt inn med GPS ikring 70 bågastøer i området. Ut ifrå eit heilskapsinntrykk og plasseringa av bågastøene i terrenget, kan det sjå ut som anlegget sin hovudfunksjon har vore å styre reinsflokken nordom/vestom den kraftige "sperremuren" i ein opning på toppen, og ved hjelp av denne og bægje (ledegjerde) med "skremser" (skræmepinnar) hindre dei i å trekke austover att. Såleis kunne dei få flokken til å rotera ikring fjellryggen nordvest for muren, slik at jegerane fekk mange høve til å skyta på dyra frå dei mange bågastøene (**figur 4**)



Figur 4. Oversyn over bågåstøanlegget på Littlejordshornet.


4.1.4 Mindre kartlagte anlegg

(sjå figur 7)

- Henninghøe, Kjølen
- Galåe
- Leirhø og Fellinghø
- Søre Løfte
- Grøndalen
- Asbjørnsdalen
- Bjøknesetra

Henninghøe

Fangstgravene ved Henninghøe er ikkje publisert i nokon av bøkene til Øystein Mølmen, men vi veit at han kjende til nokre av dei fordi desse er plotta inn på eit av arbeidskarta etter han. Lokaliteten var og kjend av Rolf Sørungård og han hadde sett enda fleire fangstgraver i området. Sommaren 2010 undersøkte NINA området med Sørungård som kjentmann og vi registrerte da sju fangstgropar med ledegjerde samt eit bågåstø i området (**figur 5**). Fangstretninga på gropene går i nordvest/søraust retning og ein har her fanga dyr på trekte framom (nordafor) Søre og Nørdre Dalfonna. Dette blir rett ved byrjinga på Veslskjervedalen som alltid har vore ei viktig ferdselsrute for reinsdyra. Under den same turen registrerte vi to fangstgropar og ein buplass ved Hovda og Avdemsetra. Desse er tidlegare dokumentert av Mølmen (1986).



Figur 5. Fangstgroper på nordorientert kart ikring Henningshøe på Kjølén (grøne kvadrat) og bågåstø (grøn trekant). Innfelt fangstgroperne med ledegjerde og interiør av ei av dei steinmura fangstgroperne.

Galåe

Galåe er ei lita å som har sitt utspring frå den vestlegaste delen av Kjølén og som renn nord-over ned i hovudalføret i Lesja. Rett ved denne åa ovanfor skoggrensa kartla Mølmen (1986) eit lite fangstanlegg med to fangstgroper allereie i 1975. I 2010 registrerte NINA anlegget og fann tre fangstgroper til nokre hundre meter lengre opp. I dette vesle fangstanlegget fanga ein reinsdyr som trekte båe veger (aust og vest) langs med viggekanten. På same registreringsturen fekk vi og kartfesta nokre kulturminne ned mot bygda og utanfor nasjonalparkgrensa, truleg to fangstgroper for rein, eit bågåstø og ein buplass. Desse er tidlegare kartlagt av Mølmen (1986) og her tolka som at dei kan ha vore brukt til fangst av elg også.

Leirhøe og Fellinghøe

Leirhøe ligg mellom Fellingvatnet og Lordalen i Lesja. Her har Mølmen (1975) dokumentert ei einsleg fangstgrop i eit flatt terreng utan markerte trasear for reinstrekk. NINA registrerte denne i 2010 og fann heller ikkje noko meir i det opne terrenget i området. Eit par km mot vest ved Fellingvatnet fann vi derimot fire tidlegare ukjente bågåstøer knytt til det store massefangstanlegget på staden. Ved Fellinghøe enda nokre km mot vest, hadde vi fått opplysningar om at det skulle finnast fleire fangstgroper. Desse var visstnok sett av ein lokal reinsjeger for mange år sidan, men søket ga ikkje resultat. I NINA-regi vart det oppdaga ein steinalderbuplass i dette området, vest for gjelet nedanfor Fellingkroken, i 2005. Vi fann da ein delvis tilverka pilespiss i kvartsitt og mange avslag midt i turstigen her. Det er tydeleg at fjellterrenget ikring Fellinghøe og Fellingvatnet har styrt reinstrekket hit, slik at dette har vore ein strategisk lokalitet jakt og fangst på rein.

Grøndalen

Grøndalen har sitt utpring heilt inne ved Storbreen og går nordover mot Lesjaskog. Det er berre registrert spreidde fangstminne innover fjellet her. Men Mølmen (1975) har publisert opplysningar om ei fangstgrop i sjølv Grøndalen og to inst i dalen. NINA nyregistrerte i 2010 lokaliteten inst i dalen, ved Vargvassåe, men det vart berrefunne ei fangstgrop her. Ein liten buplass i form av ei ihoprasa steinbu vart funne like ved. Truleg er denne tolka som ei fangstgrop av informantane til Mølmen. I same området fann NINA og ein teltring som ikkje var laga i nyare tid, men kulturspora verka heller ikkje er særskilt gamle. I munninga på Grøndalen ved eit av husa

på Enstadsetra fann vi ved ein steinblokk ei tydeleg skålgrop. Dette kan vera eit svært gammalt kulturminne.


Asbjørnsdalen

Asbjørnsdalen strekkjer seg sørover inn i Reinheimen frå Bjorli og Rånå i Lesja. Her finst det mange ulike fangstlokalitetar for villrein og ein del buplassar.

Mølmen (1986) kartla ei mengd med fangstgroper som ligg utstrekt på fleire lokaliteter frå Svarthøin i vest til Herrahøtjønnin i aust. Det kan hende at alle har høyrte til same fangstsystemet, men det er likevel naturleg å dela dei inn i fire ulike fangstlokalitetar. Mellom Asbjørnsåa skal ligga fem fangstgroper (Mølmen 1986). Ned ved Asbjørnsåe ovanfor Spranget er det kartlagt to fangstgroper tett ved einannan og ei grop på andre sida av åa. Lenger opp mot vest mellom åa og Herrahøtjønnin er det opplysningar om at det skal finnast tre fangstgroper samt eit bågastø (Mølmen 1975). På vestsida av Herrahøtjønnin er det dokumentert tre fangstgroper og eit bågastø (Mølmen 1986). NINA fann i 2010 berre fire fangstgroper på fyrste lokaliteten trass i mykje søk. Vi er tvilande til om det finst fem fangstgroper på denne staden. Elles fann vi alle dei tidlegare dokumenterte objekta, men heller ikkje meir enn det. Totalt har vi koordinatfesta 13 sikre fangstgroper i dette området.

Lengre ned i Asbjørnsdalen registrerte vi i 2010 to buplassar som og er dokumentert av Mølmen (1986), og sør for desse fann vi ei fjellrevfelle (ei stor steinhelle med felletre under). Denne er ikkje kjent frå tidlegare og er ei klassisk firetalsfelle moglegvis frå mellomkrigstida eller tidligare.


Nordaust for Gravarhøa har Mølmen (1975) kartlagt to fangstlokalitetar. Den sørlegaste har to fangstgroper og to bågastøer, medan den nordlegaste har fire fangstgroper med lange ledegjerde (Mølmen 1986). NINA registrerte i 2010 tre fangstgroper og eit bågastø på den fyrste lokaliteten og fire fangstgroper og eit bågastø på den nordlegaste lokaliteten. Det er nok mykje det same reinstrekket som har passert fangssystemet mellom Herrahøin og Svarhøin som og har trekt gjennom fangstområdet ved Gravarhøa (**figur 6**).



Figur 6. Nyregistrerte fangstminne i Asbjørnsdalen, med fangstgroper (grøne kvadrat), bågastøer (grøne trekantar) og buplassar (blå kvadrat). Gamal fjellrevfelle er markert med raud sirkel.

Søre Løfte

Søre Løfte er eit skar mellom Buakollen og Grønhøe, på nordsida og inst i Lordalen i Lesja. I dette området på austsida av Søre Løftbekken ligg det eit forholdsvis omfattande fangstanlegg. Mølmen (1986) publiserte ei skisse med totalt åtte fangstgroper. NINA registrerte anlegget i 2010 og vi fann da også åtte fangstgroper samt ein buplass. Vi registrerte eine fangstgropa som usikker. Buplassen er ein enkel hellar med litt muring under ein stor steinblokk. Denne er ikkje kjent frå tidlegare. Fangstanlegget vitnar om eit bra reinstrekk gjennom Søre løfte, noko som også er velkjent i jegerkrinsar. I det heile teke bidreg topografien med den lange Lordalen innover i Reinheimen til at reinstrekket blir konsentrert inst i dalføret når flokkane skal kryssa dalen. Som ein kuriositet kan vi nemna at vi fann ein Lapposelokalitet ved fangstanlegget i Søre Løfte.



Figur 7. Oversyn over registreringslokalitetar for mindre fangstanlegg i 2010 (vist med namn).


4.2 Kartlagte anlegg 2011

I det fylgjande framgår nokre av dei større anlegga som vart kartlagt i 2011 i den vestlege delen av Reinheimen.

4.2.1 Strupen ved Middagshesten

Strupen er ein botn som ligg mellom fjellet Middagshesten (1382 moh) og fjeltoppane Småskorene i den sørvestlege delen av Norddal kommune. Her har Astor Furseth og Bjørn Helge Nygård registrert totalt 22 kulturminne på to ulike turar i 2011. 21 av objekta er dokumentert som bågåstøer og eit objekt er tolka som ein buplass. Buplassen er ein hellar det gjekk an å overnatte under. Eit bågåstø ligg for seg sjølv medan resten er lokalisert til to separate jaktlokalitetar. I hovudlokaliteten midt i sjølve Strupen er det kartlagd 13 bågåstøer, medan det på nedre


lokaliteten, på kanten av fjellbotnen og moreneryggen her, vart det funne 7 liknande skjulestadar for bogejegerar. Det er tydeleg at har gått eit reinstrekk gjennom Strupen, og dei bratte fjella på sidene har vore med å konsentrert trekket (**figur 8**).



Figur 8. Strupen med dei to bågastøanlegga. Einskildobjekta framgår som trekantar og sirklar. Bildet er orientert mot nordvest.

4.2.2 Storvatnet i Dyrdalen

Storvatnet ligg i den sørvestlege delen av Norddal kommune, 920 moh øvst i Dyrdalen. Her er det bratte fjell på mange kantar, slik som Storvasshornet (1600 moh) i vest og Torvløysa (1850 moh) i aust. Bjørn Helge Nygård registrerte her 23 bågastøer sommaren 2011, som er plassert i ei lang rekke på ein morenerygg på vestsida av vatnet. Moreneryggen går frå den nordlige enden av vatnet, i nokså bratt stigning vestover i fjellskråninga og ryggen endar i det bratte partiet opp Storvasshornet. Bågastøene er såleis spreidd utover med ein høgdeforskjell på nesten 100 m. Talet på bågastøer og dei bratte fjellpartia fortel oss at det har vore eit bra trekkområde på vestsida av Storvatnet. Skyteretninga er for det meste mot sør (**figur 9**).




Figur 9. *Rekke med bågåstøer oppover ein morenerygg ved Storvatnet i Dyr dalen, Norddal. Einskildobjekta framgår som trekantar og sirkclar. Bildet er orientert mot vest.*

4.2.3 Bolletehornet

Bolletehornet ligg heilt sørvest i Norddal, inst i Herdalen og tett ved kommunegrensa. I den slake skråninga på norvestsida av Bolletehornet registrerte Bjørn Helge Nygård 25 bågåstøer i 2011. Skyteretninga på bågåstøene er hovudsakeleg vestover. Dette indikerer at ein her har jakta på dyr som kom trekkande opp frå botnen ved Grjotdalsvatnet. I eit større perspektiv forstår ein at reinsdyra har hatt ei trekkrute over Bolletehornet, fordi nordaustsida på dette fjellet går bratt ned den inste delen av Herdalen. Vestover ligg det bratte fjell slik som Grandevass-eggen, som styrer dyra i retning Bolletehornet. Fordi denne toppen og er stupbratt nordover måtte reinsflokket trekka i ein stor S-form over fjellet. Vi ser og at den markerte stigen på kartet følgjer denne traseen der det er lettast å ta seg fram. Bågåstølokaliteten ligg på litt over


1300 meters høgde nedunder toppen av Bolletehornet på 1349 moh. Uti frå talet på bågåstør trur vi at det har vore eit sterkt reinstrekk i området frå Slettdalen og nordvestover fjella og at desse dyra seinare kom i retur same vegen. I skråninga under toppen hadde jegerane god oversikt på reinsdyra som kom trekkande i det lettast farbare terrenget oppover (**figur 10**).



Figur 10. Bågåstøanlegget på Bolletehornet. Einskildobjekta framgår som trekantar og sirkular. Bildet er orientert mot nord.

4.2.4 Heregga


Heregga er eit markert fjellparti på austsida inst i Herdalen i Norddal kommune. Her er fjellområdet relativt smalt i den lange fjelltangen utover mot nord på vestsida av Tafjorden. Nokre oppmuringar på vestsida av Heregga og nord for Nonshornet er kjent av Astor Furseth frå tidlegare. NINA tok difor ein nærare synfaring på denne lokaliteten ved Holene, sør for Holeheia, i samarbeid med Furseth sommaren 2011. Vi kartla da 19 bågåstør og restane av ein mindre varde i området. Litt lengre opp i fjellsida fann vi beinrestane etter ein elg. Det var tydeleg at det går ei brei ferdselsrute for fleire hjortedyr nedover fjellet og som innsnevvar seg ved bågåstøanlegget. Fleire av bågåstøa var anlagt i steinura her i eit vanskeleg farbart parti. Her vart truleg farten på reinsdyra seinka mellom steinane. Mange av bågåstøene har utforming som tyder på moglegheit til å skyte i alle retningar. Der utforminga indikerer skyteretninga, går den mest mot vest. Det fortel oss at det her var mest vanleg å jakte på dyr som kom frå nord. Dette var da dyr som kom i retur etter å ha trekt utover fjelltangen mot Litlejordshornet og vidare. I større storleik på kartet ser ein at reinstrekket måtte gå mot jaktlokaliteten, fordi stupbratte fjellparti på vestsida av Heregga og austsida av Nonshornet innsnevra trekket i området. Dei fleste bågåstøene var forfalne og verka svært gamle. Sju av bågåstøene vart og registrert som usikre, og vitnar om kor svake spor vi finn etter nokre av desse jaktminna. Varden som verkar gamal, kan ha hatt ein funksjon i bågåstøanlegget, men det er og sannsynleg at han er ein markering av den lettaste ferdselsruta for folk som går i området (**figur 11**).



Figur 11. Bålåstøanlegget i Heregga. Einskildobjekta framgår som trekantar og sirkclar. Bildet er orientert mot sørvest.

4.2.5 Ringshornet


Bålåstøanlegget ved Ringshornet på nesten 1400 moh., er tidlegare undersøkt av Mølmen (2000). Han registrerte i 1998 18 bålåstøer og ein ledemur på lokaliteten. NINA registrerte anlegget på nytt i 2011, i samarbeid med Astor Furseth. Vi kartla da 24 bålåstøer, 2 vardar og ein ledemur i form av ei steinrekke på om lag 20 meter. Fleire av bålåstøene kan nok ha smelta fram dei siste åra, noko mangel på kartlav på steinane tyder på. Det kan forklare kvifor vi fann fleire oppmura bålåstøer enn Mølmen. Dei to vardane bestod av lengre tynnare steinheller som var reist med fundament i ura. Vi kan ikkje utelata at desse har inngått i jaktaktiviteten her. Når det gjeld ledemuren var den relativt forfallen, men det er klart at den har hatt ein funksjon med å styre dyr inn i bålåstøanlegget. Skyteretninga er for det meste mot sørvest. Det kan tyde på at en her i hovudsak har jakta på villrein som kom trekkande opp inst i dalføret ved Meidalskoppen. I større storleik er det naturleg at reinsdyra trekte over området ved Ringshornet mellom endefjella her på kysten og dei store fjellområda austover (**figur 12**).



Figur 12. Bågåstøanlegget på Ringshornet. Einskildobjekta framgår som trekantar og sirkclar. Bildet er orientert mot nordaust.

4.2.6 Oaldsvatnet og Nonsvatnet, Norddal


Oaldsvatnet ligg heilt sørvest i Norddal kommune i eit fjellparti nord og aust for Geirangerfjorden. Fjellpartiet er noko avgrensa til resten av høgfjellsområda i Norddal, men dette har nok ikkje vore til hinder for at reinsdyr trekte så langt vestover. I alle fall viser jaktminna som er funne ved Oaldsvatnet og Nonsvatnet at det har vore drive reinsjakt her. Kring den nordlige delen av Oaldsvatnet (1173 moh) registrerte Astor Furseth 20 bågåstøer i 2011. Den tettaste klynga på 6 bågåstøer ligg på vestsida av vatnet, i eit område med steinur. Her trekte dyra truleg sakte i ferdselsona langs vatnet. I sørenden på vatnet er det svært bratt og såleis stengt for dyra. Truleg var det mykje beite for dyra på høgfjellsplatået nord for Oaldsvatnet. Noko lenger mot nord ligg fjellet Nonshaugen. Her kartla Furseth same sommaren 14 bågåstøer og eit kulturminne som både kan tolkast som ein mur eller eit svært breitt bågåstø. Bågåstøene er plassert i minst 3 lokaliteter ved eit lite vatn aust for Nonshaugen. Tre av dei er anlagt strategisk ved utosen av vatnet der reinstrekket vart nok var konsentrert. Elles er muren og tre bågåstøer til anlagt på innsida av vatnet og framfor bratthenget mot Nonshaugen. Her vart det og naturlige høve for sterkare dyretrekk. Dei siste 7 bågåstøene vart funne i eit avgrensa område på kanten eller egga opp mot Nonshaugen. Dette var nok midt i ei rute dyra ofte nytta når dei trekte enda lenger opp i høgda i området (**figur 13**).



Figur 13. Bågåstøanlegg ved Oaldsvatnet og Nonsvatnet i Norddal. Einskildobjekta framgår som trekantar og sirkclar. Bildet er orientert mot nord.

Hegguraksla

Ved Hegguraksla vest for Blåfjellet og nord for Tafjorden i Norddal kommune, registrerte Astor Furseth 16 bågåstø i 2011. Dette er eit relativt stort bågåstøanlegg med tydelege murar. Skyte-retninga er mest i ei retning mot sør og sørvest og det syner at reinsdyra kom trekkande opp-over lokaliteten frå sør og vest. Det finst gode beiteområde i Insteheia og kring Mefjellet på 1100 moh, om lag 1 km vestover. Truleg var det ei ofte nytta trekkroute opp Hegguraksla for reinsdyra (**figur 14**).



Figur 14. Bågåstøanlegg ved Hegguraksla. Einskildobjekta framgår som trekantar og sirkclar. Bildet er orientert mot sør.

4.2.7 Skildring av andre fangstanlegg kartlagt i 2011

(sjå figur 16)

Slettflybotvatnet og Kulevatnet

Ved Slettflybotvatnet 1086 moh. har Mølmen (1987) kartlagt tre fangstgroper på nordsida av vatnet. Fjellområdet ligg mellom Langfjelldalen og Romsdalen i Rauma kommune. På nordsida av Kulevatnet (0,5 km vest for Slettflybotvatnet), kartla Mølmen fire fangstgroper, to buplassar og eit kjøtlager i 1987. Mølmen (2000) hadde tidligare kartlagt sju bågåstøer og ein buplass ved utoset på dette vatnet. NINA registrerte alle dei kjente lokalitetane i området saman med Astor Furseth i 2011 og vi fann spor etter to bågåstøer på nordsida av Kulevatnet og ved utløpsoset registrerte vi 11 bågåstøer og to buplassar. Totalt kartla vi seks bågåstøer og ein buplass meir en det som var dokumentert tidligare ved Kulevatnet. Villreinen har truleg hatt ei mykje nytta trekkroute på nordsida av vatna og over utoset ved Kulevatnet.

Blåfjellet

I 2011 vart det synfart ei strekning over Blåfjellet 1600 moh. og vidare til Muldalsegga på 1765 moh. Desse fjella reiser seg høgt på austsida av Tafjorden i Norddal kommune. Vi fekk dokumentert ein jaktlokalitet øvst i skaret mellom Heggurdalbotn og Trollkyrkjebreen. Her mellom Årøldalstinden og Blåfjellet registrerte vi sju bågåstøer samla i eit anlegg. (I same område fann vi eit lite og gammalt reinsgevir på ein stad der ei snøfonn har smelta attende dei siste åra og ein kan ikkje sjå burt ifrå at det kan være svært gammalt utifrå konteksten det vart funne i). På toppplataet på den inste delen av Årøldalstinden fann vi eit einsleg bågåstø. Litt lenger ned i dette området i skaret mot Trollkyrkjebreen påviste vi i alle høve to bågåstøer. Totalt registrerte vi 10 bågåstøer og eit gjenstandsfunn som syner at området har vore nytta av rein. Skyteretninga på dei sju bågåstøene var hovudsakleg vestover og det fortel oss at ein her truleg har jakta på dyr som kom trekkande opp frå Heggurdalbotn. Dei andre bågåstøene har skyteretning meir i sørleg retning og desse er kanskje innretta meir mot dyr som kom trekkande langs fjellet og eggen.

Trollkyrkja

I Skaret mellom Trollkyrkja og Muldalsegga registrerte Astor Furseth og L. Valdal seinare på sommaren 2011 eit bågåstønlegg. Dei fekk kartlagt 11 bågåstøer som var smelta fram frå snøfonna her i skaret. Skyteretningane er noko varierende frå nordaust til vest. Men det kan sjå ut til at ein her har jakta mest på dyr som trekte langsmed det snøfrie området mellom breane.

Pyttbudalen

Pyttbudalen går vestover inn i fjellet frå Brøstdalen, heilt sør i Rauma kommune. I denne dalen og dei nære fjellområda ikring er det tidlegare funne heller lite med spor etter jakt- og fangstlokalitetar. Mølmen (1975) har kartlagt nokre buplassar her. NINA kartla på nytt ein del av desse samstundes som vi ville synfare terrenget i området i 2011. Under denne dagsturen fekk vi kartfesta fem buplassar og eit bågåstø. Kvifor det er så få jakt- og fangstminner kring Pyttbudalen er ikkje godt og seia. Her har det nok trekt mykje rein og det er fleire stadar gode forhold for fangst. Men kanskje har det noko med at ein her er langt inn i fjellet frå bygdene. Samstundes ligg Pyttbudalen relativt langt mot vest i Reinheimen, og vi veit at det blir færre fangstgraver i ein gradient mot vest.

Vermedalen og Vermevatnet

Vermedalen ligg i snaufjellet vest for Verma i Romsdalen i Rauma kommune. NINA synfarte dette området på tre ulike turar i 2011. På den eine turen fekk vi undersøkt området ved Vermevatnet. På ein annan tur som hovudsakleg gjekk til Slettflybotvatnet og Kulevatnet registrerte vi nokre objekt på attendetur ved Langvatnet innanfor Vermedalen. Under siste turen konsentrerte vi arbeidet til lokalitetane ved Langvatnet og austover til Vetlbotn. Stort sett fann vi og registrerte det som tidlegare var kartfesta av Mølmen (1987). I tillegg vi fann ei tidlegare ukjent fangstgrop ved Vermevatnet og ein mur i nærleiken av det som heiter Havreholå. Vi tolka muren som låg inntil ein steinblokk som ein primitiv buplass eller stad for overnatting. Dei tre fangstgroplokalitetane inneheld åtte fangstgroper på austsida av Vermevatnet heilt mot utoset, to fangstgroper på sørsida av Langvatnet ved utosen der og tre fangstgroper i Vetlbotn, ned for Vermehøa. Buplassane er alle hellarar og krypinn under- eller ved store steinar ikkje så langt unna fangstgropene. Ein av buplasslokalitetane ligg rett nok noko for seg sjølv i den bratte ura nedunder Vermetind. Her er det og eit kulturminne vi har tolka som eit kjøtlager.

Vestover frå Langvatnet går Langfjelldalen og her er det i dei siste åra gjort interessante arkeologiske utgravingar av buplassar. Dette kan visa seg å vera eit av dei eldste spora etter reinsjegerar som er funne i Sør-Noreg. Gjenstandsfunn av ein pilespiss av flint er ifylgje eit avisoppslag tidfesta til over 10000 år før notid (Sunnmørsposten 28.08.2012).


Isglupane og Isglupen

Isglupane er to vatn høgt opp i fjellet nord for Langfjelldalen. Det lågaste vatnet ligg på 1126 moh. og baa vatna er lokalisert heilt nord i Norddal kommune. Isglupen ligg i Rauma kommune om lag ein km mot nord frå dette. Ved utosen på det lågast liggande av Isglupane hadde Mølmen (2000) registrert to bågåstø i 1982. NINA registrerte åtte bågåstøer på same staden i 2011 saman med Astor Furseth. På den same registreringsturen fann vi eit bågåstø i skaret aust for Skarfjellenden. Litt etter kom vi og over eit tidlegare ukjent anlegg med fire bågåstøer i utoset på Isglupen, som ligg på kanten mot Alnesdalen.

Alnesdalen og Ølmevatna

Alnesdalen går innover frå Meiadalen mot Romsdalen i Rauma kommune. Her har Mølmen (1987) dokumentert med både foto og skisse ei rekke med buplassar. Det er og dokumentert to fangstgroplokalitetar i dette fjellområdet. På den eine lokaliteten på sørvestsida av Alnesvatnet ligg det ei fangstgrop. På kanten av Romsdalen ved Ølmevatna ligg det ei særst uvanleg dobbeltfangstgrop (**figur 15**). NINA kartla saman med Astor Furseth i 2011 seks buplassar og dei to fangstgroplokalitetane. På nordsida av Alnesvatnet tok vi koordinatene på ni steinrøyser eller vardar på rekke. Desse kan vera markering av ei ferdseisrute, men det er og moglegat dei kan

relaterast til jakt- fangst på rein. I alle fall verka dei svært gamle. Astor Furseth registrerte to buplassar ved Alnesreset seinare på året i 2011. Dette blir i Meiadalen på grensa til Norddal kommune.



Figur 15. Den doble fangstgropa ved Ølmevatna på kanten mot Romsdalen. Bildet er orientert mot søraust.


Grovaskardsbotn

Grovaskardsbotn ligg nokre km vest for Brøstdalen i Rauma kommune. Det er tidligare registrert fleire kulturminne i denne botnen eller i område tett på (Mølmen1987). NINA synfarte området og kartla lokalitetane i 2011. Her har Mølmen tidlegare kartlagt ni steinmura fangstgroper på fire ulike stader, samt tre buplassar. På den største fangstlokaliteten inst i Grovaskardsbotn var det tidligare dokumentert fire fangstgroper. Her fann vi i tillegg to fangstgroper og to bågastøer som ikkje er kartlagt på denne lokaliteten. Vi kom og over ei steinmura fangstgropa som låg litt for seg sjølv, om lag 0,5 km vest for hovudlokaliteten. Elles fekk vi undersøkt og koordinatfesta dei to kjente fangstgropene i Skarvskardet, samt den einslege fangstgropa ved Midthøløypet som tidligare berre er delvis dokumentert (med bilde). Ein av buplassane i botnen meinte vi måtte vera eit kjøtlager. Vi fann og noko uregistrert som vi tolka som eit kjøtlager i nærleiken av den buplassen som Mølmen(1987) kallar for «Alnesherbøret». Dei to fangstgropene ved Midthøsnyta vart og registrert med NINA sin metodikk. Trass i meir søk her fann vi ikkje fleire fangstminne.

I 2011 arrangerte Norsk Fjellfestival i samarbeid med NINA ein tur til Grovaskardsbotn for å sjå på gamle jakt- og fangstminne i Reinheimen. Under denne turen kom vi over to bågastøer på sørsida av Lågmidthøa. Litt lenger opp ved nokre store steinar, der ein har godt utsyn utover Grovaskardsbotn, gjorde vi eit unikt gjenstandsfunn. Dette såg ut som ein flintkniv og den var delt i to delar som låg om lag 2 m frå kvarandre. I denne høgda på over 1300 moh. er det lite jordsmonn og vegetasjon og flintstykkja har truleg ligge i overflata på bakken i fleire tusen år. I ettertid har det vist seg at denne flintkniven eigentleg er ein flintsigd. Den har og faktisk slipespor og er glattpolert rundt eggen etter å ha vore brukt til å skjere kornet som dei i sin tid dyrka. Flintsigdar vart brukt i yngre steinalder og inn i bronsealderen. I fylgje det ein veit om slike

gjenstandar så er dei mellom 4000 og 2500 år gamle. Flintsigden frå Lågmidthøe er etter det vi kjenner til den som er funne høgst over havet. Det er særdeles uvanleg å finna slike jordbruksreidskap så langt til fjells. Det er eit spørsmål om den har hatt ein sekundærbruk som jaktreis- kap?

Totalt sett kartla NINA tolv steinmura fangstgroper, tre buplassar, to bågåstøer og to kjøtlager i Grovaskardsbotn i 2011.



Figur 16. Oversyn over registreringslokalitetar for fangstanlegg i vestområdet i 2010 og 2011 (vist med namn).

4.2.8 Registreringar i Lordalsområdet 2011

Sletthøe


Ved Sletthøe sør for Lordalen og nord for Skardtind i Lesja kommune har Mølmen (1986) publisert ein mindre jakt- og fangstlokalitet med to fangstgroper og to bågåstøer. NINA registrerte desse på nytt i 2011 og gjorde elles ikkje fleire funn her. Fjellområdet her er relativt vidt og stort med få spor etter jakt og fangst. Dei to fangstgropene vitnar har truleg vore retta mot eit aust/vest-trekk her.

Gråvåtjønn

Gråvåtjønn ligg på snaufjellet på nordsida av Lordalen mellom Bjøknesetra og Valåvatnet i Lesja. Mølmen (1986) har tidlegare registrert dette vesle fangstgropanlegget. NINA undersøkte området og kartla fangstminna her på nytt i 2011 og fann det som var kjent frå tidlegare, i alt tre fangstgroper og ein buplass. Ei fangstgrop ligg i utosen ved den sørlege enden av tjønna og to groper er mura opp i bekkefare i den nordlege enden av tjønna. Sjølv om tjønna er smal og lett for reinen å krysse så er det tydeleg at ho har fungert som ei lita barriere slik at reinstrekket mellom øst og vest vart større i endane. Noko lenger mot nord ligg buplassen som vart nærare undersøkt. Denne verkar ikkje særskilt gamal slik den framstår no.

Bjøknesetra, Søre Gravåa

Søre Gravåa renn ned på nordsida av Lordalen ved Bjøknesetra i Lesja kommune. Her har Mølmen (1986) registrert 16 jordgravde fangstgroper i 1975. Fangstminna ligg på austsida av åa, frå bilvegen og opp lia nesten til skoggrensa. Mølmen meinte at anlegget var konstruert for fangst av elg, noko som verkar sannsynleg da fangstgroprekka ligg i skogen langs lia i Lordalen. NINA tenkte å synfara anlegget i samband med kartlegginga i snaufjellet ved Gråvåtjønn i 2011, og vi observerte at dei fem øvste av fangstgropene var såvidt små at dei måtte vera bygd for fangst av rein. NINA registrerte difor 14 av dei høgast liggande fangstgropene etter rekka til Mølmen. Truleg har reinen trekt ned i lia her, da skrenten langs Søre Gravåe dannar ein mindre naturleg barriere i terrenget ovafor skoggrensa (**figur 17**).



Figur 17. Nyregistrert fangstgroprekke ved Søre Gravåe, Bjøknesetra i Lordalen (grøne punkt). At den går på tvers av lia og i skogen tyder på elgfangst, men storleiken på einskildgropene tyder likevel på reinsfangst i den øvste delen av anlegget..

4.2.9 Andre registreringar i vestområda

I 2010, før ein kom skikkeleg i gang med registreringsarbeidet i vestområda i Reinheimen, registrerte Astor Furseth nokre lokalitetar utan bruk av GPS. Objekta er kartfesta så godt det let seg gjera ved bruk av kart i målestokken 1:50 000. Dette vil i praksis si at vi får ein unøyaktighet på opp mot 50 meter der kulturminna ligg. Likevel er dette viktige registreringar fordi alle objekta ikkje tidligare er publisert eller registrert, etter det vi kjenner til.

Lokalitetane er som fylgjer:

Litlehornet

Litlehornet ved Steindalen, vest for Valldalen i Norddal kommune. Her vart det funne fire bågastøer og ei varderekke på minst 10 vardar, som strekker seg over ei lengd på minst 250 meter. Jaktlokaliteten ligg på 1400 moh. på det austlege topp-platået av Litlehornet.

Breifjellet

Breifjellet ved Steindalen, vest for Valldalen i Norddal kommune. Her er det synfart to bågastølokalitetar på det sørlege topp-platået av Breifjellet. Det er fleire bågastøer på bae lokalitetane. Litt lenger mot vest på Breifjellet vart det funne eit einsleg bågastø.

Brekkevatnet

Brekkevatnet innanfor Taskedalen, nord for Valldalen og i grenseområdet mellom Norddal og Stordal kommune. Her er det kartfesta tre bågåstøer og ei røys. Bågåstøene ligg i oppstiginga til Strupen nord for Brekkevatnet. Steinrøysa er anlagt på toppen i Strupen og er truleg ei gravrøys for menneske ut i frå foto og plassering i landskapet.

Alstadlaupet

Alstadlaupet ved Djupdalen, vest for Valldalen i Norddal kommune. Her vart det funne eit bågåstø på høg fjellsplatået like nord for Alstadlaupet.

Grandevatnet

Grandevatnet ligg ved Gråsteindalen om lag 6 km nord for Geiranger i Stranda kommune. Ved utløpsosen av Grandevatnet har Astor Furseth registrert ei steinmura fangstgrop og tre bågåstøer. Noko lenger ned mot vest er det spor av eit mogleg bågåstø. I Gråsteindalen vart det funne ein buplass og to objekt som kan vera anten bågåstø eller spor etter enkle buplassar.

Kallskaregga

Kallskaregga er ein egg som går nesten tvers over fjelltangen vest for Tafjorden i Norddal kommune. Her har Astor Furseth dokumentert to ulike bågåstølokalitetar i 2011. Om lag 0,3 km nord for høgste punktet på Kallskaregga (1428 moh), registrerte han tre bågåstøer med skyteretning austover. Den andre lokaliteten er mykje større og ligg 0,3 km aust for den austlege og lågaste toppen av Kallskaregga 1268 moh. Her vart det funne ni bågåstøer. Skyteretninga varierer noko, men dei fleste er retta vestover.

Breinausa

Breinausa er namnet på eit fjellplatå rett søraust for Tafjord i Norddal kommune. Oppe på sjølve platået er det påvist to bågåstølokalitetar og Astor Furseth registrerte desse i 2011. Det vart funne fire sikre bågåstøer på båe lokalitetane. I den sørlegaste lokaliteten, som ligg mot Høgskredvatnet, er skyteretninga både mot sør og mot vest. Den nordlige jaktstaden har bågåstø som vender i fleire retningar. Nordover i fjellsida mellom Breinansa og Raudnukdalsvatnet vart det funne eit einsleg bågåstø med skyteretning austover. Lenger ned ved utosen på Raudnukdalsvatnet kartla Furseth fire bågåstøer. Skyteretninga på desse er hovudsakeleg mot nord.

Muldalslaupet

Muldalslaupet er eit lågare fjellparti mellom Blåtinden og Neskopptindane. Mot nord ligg Djupdalen og i sør krøkkjer Muldalen seg innover. Områda ligg i Norddal kommune. På over 1300 moh. har Astor Furseth registrert eit usikkert bågåstø og eit kulturminne som består av tillagte steinar, som kan tolkast som ein liten mur.

Glupen

Glupen er eit vatn som ligg i Djupdalen aust for Valldalen i Norddal kommune. Her har dei frivillige lokalregistrantane og Astor Furseth, funne eit bågåstø i 2011, i fjellskråninga sør for Glupen. Skyteretninga er nesten mot nord.

Steindalen

Steindalen krøkkjer seg mot aust frå Valldal i Norddal kommune. Her kartfesta Astor Furseth fire ulike rester og spor etter buplassar på eit relativt lite område i 2011. På den eine staden er det murar som kanskje kan setjast i samband med seterdrift.

Knutskoppvatnet

Dei to Knutskoppvatna ligg aust og innanfor Steindalen som munnar ut i Valldalen. Ved det vestlegaste vatnet, Heimste Knutskoppvatnet, er det påvist ein liten jaktstø. Nær til utoset på vatnet er det registrert to bågåstøer i 2011. Astor Furseth tolka skyteretningane til nordaust på det eine og søraust på det andre. Her har ein nok jakta på reinsdyr som trakk over oset i båe

retningar. Kanskje var det og gunstig å vente på dyr på trekte langs med vatnet og da helst frå nordaust.

Dyrdalen

Dyrdalen går nordaustover frå Pjusken i Stordal kommune ikkje langt frå grensa til Norddal kommune. Dette området ligg langt vest, og truleg har villreinen trekt heilt utover i fjellområda innanfor Stranda kommune. Nede i Dyrdalen, rett vest for høgste punktet på Fokhaugtinden, fann Astor Furseth fleire kulturminne i 2011. Her er det registrert fem bågåstøer, ein steinmur og noko han tolka som anten buplass eller bågåstø. Skyteretninga på dei fem bågåstøene er hovudsakeleg sørover.

5 Referansar

- Hole, R. & Hage, E. 2005. Fangstanlegg og villrein – observasjoner i Lordalen. – Villreinen 19: 71-74.
- Jordhøy, P., Binns Støren, K. & Hoem, S.A. 2005. Gammel jakt- og fangstkultur som indikatorer for eldre tiders jaktorganisering, ressurspolitikk og trekkemønster hos rein i Dovretraktene - NINA Rapport 19. 72 s.
- Jordhøy, P. 2007. Gamal jakt- og fangstkultur som indikatorar på trekkemønster hjå rein. Kartlagte fangstanlegg i Rondane, Ottadalen, Jotunheimen og Forollhogna. – NINA Rapport 246.
- Jordhøy, P. (red.), Sørensen, R., Aaboen, S., Berge, J., Dalen, B., Fortun, E., Granum, K., Rødstøl, T., Sørungård, R. & Strand, O. 2011. Villreinen i Ottadalen. Kunnskapsstatus og leveområde. – NINA Rapport 643. 85 s. + vedlegg.
- Jordhøy, P. 2013. Unikt fangstanlegg – vitne om kløkt og samhandling. Spor nr. 1 – 2013. s.15-18
- Mølmen, Ø. 1975, Viltbiologiske forundersøkelser i Jotunheimen/Breheimen. Felt 8. Fangst og jakt på villrein. 178 s.
- Mølmen, Ø. 1986, Jakt og fangst i Lesja, Frå dyregrav til gevær. s.123-183 Lesja kommune. 393 s.
- Mølmen, Ø. 1987. Fra dyregraver til geværjakt i Rauma. S. 68-110. Rauma kommune. 215 s.
- Mølmen, Ø. 1988. Jakt- og fangskulturen i Skjåk og Finndalsfjellet. – Skjåk kommune. 487 s.
- Mølmen, Ø. 2000. Jakt og fangst i Norddal. s 80-147. Norddal kommune. 295 s.

Vedlegg 1. Metodeskildring

Standard registreringsprosedyre for Kulturminner av jakt- og fangstkarakter i fjellet

- a Løpenummer (nummer i databasen)
- b Reg.nummer (ref.nr. i grunnlagsdata)
- c Objektnummer (nummer på enkeltobjekt i et system)
- d Kartbladnummer (nr på kartblad i topografisk kartbladserie M711, Statens kartverk)
- e Kommunenummer (nr på kommunen registreringen er gjort)
- f Sted (Stedsnavn)
- g UTM Px (fullstendig kartreferanse 7 siffer)
- h UTM Py (fullstendig kartreferanse 7 siffer)
- i System UTM
 - 1: UTM-ED50 (Gammelt system)
 - 2: UTM-Euref89 (Nytt system)
- j Type objekt
 - 1: Fangstgrop 2: Fangstbås 3: Pilespiss 4: Bågåstø 5: Steinbu/boplass 6: Ruse 7: Gjenstandsfunn 8: Kjøttlager 9: Ubestemmelig 10: Gravhaug
- k Type fangstgrop
 - 1: Vanlig muret fangstgrop 2: Jordgravd fangstgrop 3: Jordgravd fangstgrop med synlig steinsetting i bunnsjiktet 4: Muret fangstgrop med bru – trapp 5: Muret fangstgrop med ringvoll på toppen.
- l Fangstbås
 - 1: Steinmur 2: Berg/steinmur
- m Bågåstø
 - 1: Steinmur/frittstående 2: Steinmur inntil berg/stor stein
- n Kjøttlager
 - 1: Oppmurt frittliggende 2: Oppmurt inntil berg/stein
- o Steinbu – læger
 - 1: Helmuret bu 2: Muret vegg inntil stor stein 3: Læger under/ved stor stein 4: Læger ved bergvegg (heller) 5: Muret inn i jordbakke
- p Gjenstandsfunn
 - 1: Pilespiss 2: Kniv 3: Spyd 4: Avslag
- q Ledegjerde type
 - 1: Mur 2: Steinrekke 3: Varder 4: Stolpehull
- r Antall ledegjerder
 - Antall ledegjerder inn mot grava eller bågåstøet (1,2,3,4)
- s Ledegjerde form
 - 1: Ruse 2: Linje
- t Retning på objekt (Gravretning / retning bågåstø - oppgis i grader - 360° skala)
- u Forfatning
 - 1: In takt 2: God stand, men en del forfall 3: Godt synlig, men forfalt 4: Mye forfalt, men synlig til identifisering 5: Svært forfalt/usikkert objekt
- v System
 - 1: Enkel fangstgrop/bågåstø 2: Del av rekke 3: Kombinasjon grop/bågåstø 4: Dobbeltgrop 5: Kombinasjon bågåstø/ledegjerde
- w Terreng
 - 1: Dalsøkk 2: Platå, rabbe, esker 3: Skråning 4: Slette, flate 5: Overgang flate/skråning
- x Helling
 - 1: Flatt 2: Svakt hellende 3: Hellende 4: Sterkt hellende
- y Hellingsretning (oppgis i grader)
- z Marktype

- 1: Ur 2: Berg 3: Lynghei 4: Blokkmark 5: Bjørkeskog 6: Buskvegetasjon 7: Barskog 8: Lavhei 9: Grasmark, setervoll
- aa Hoh (høydenivå på objektet)
- ab Hovedtrekkretning (trekktraseens retning, oppgis i grader)
- ac Alder (beregnet alder i år etter datering på objekt)
- ad Illustrasjon
- 1: Skisse 2: Skisse og foto 3: Foto 4: Annen illustrasjon
- ae Avstand
- Avstand i m til nærmeste objekt
- af Materiale
- 1: Flint 2: Kvarts/kvartsitt 3: Skifer 4: Annet steinmateriale 5: Jern 6: Annet metall 7: Bein/horn 8: Trevirke 9: Annet organisk materiale
- ag Bredde bunn cm
- Breddemål på objektet i bunnivået
- ah Lengde bunn cm
- Lengdemål på objektet i bunnivået
- ai Bredde topp cm
- Breddemål på objektet i toppnivået
- aj Lengde topp cm
- Lengdemål på objektet i toppnivået
- ak Dybde cm
- Total dybde på objektet
- al Bredde gjenstand mm
- Mål på objektet (eks. pilespisser)
- am Lengde gjenstand mm
- Mål på objektet (eks. pilespisser)
- an Tykkelse gjenstand mm
- Mål på objektet (eks. pilespisser)
- ao Diameter stolpehull mm
- Tverrmål på stolpehull (i overflaten) i mm
- ap Skyteavstand i m
- Stipulert skyteavstand fra bågastø til dyretrekk
- aq Litteratur
- 1: Objektet er tidligere publisert 2: Objektet er tidligere registrert men ikke publisert 3: Objektet er verken registrert eller publisert tidligere
- ar Villreinområde
- Følger nr i henhold til Villreinpermen
- as Sårbarhet for påvirkning, skade
- 1: Svært utsatt 2: Utsatt 3: Lite utsatt 4: Ikke utsatt for påvirkning/skade
- at Påvirkningsstatus
- 1: Intakt 2: Lite påvirket (usikkert) 3: Synlig påvirket (vegbygging, dyrking m.v.) 4: Sterkt påvirket/ødelagt (sanert, gjenfylt m.v.)
- au Fangstmotiv
- 1: Elg 2: Rein 3: Hjort 4: Rovdyr 5: Annet
- av Dato
- awNavn på registrator

Vedlegg 2. Årsrapport Feltarbeid 2010

Registrering av fangstrelaterte kulturminner i Reinheimen Nasjonalpark

Av Runar Hole og Per Jordhøy. 25 november 2010

Bakgrunn

I samband med at det skal lagast ein ny forvaltningsplan for Reinheimen NP, har NINA fått i oppdrag å registrere fangstminner her i 2010 og 2011. Kulturspora i dette fjellområdet består hovudsakeleg av ulike jakt- og fangstminner for villrein.

Tidlegare registreringar

NINAhar dei siste ti åra nyregistrert ei rekkje fangstanlegg i Reinheimen:

*Massefangstanlegget ved Verket i 2003 (dette anlegget ligg rett ved grensa til Nasjonalparken).

*Fangstgroprekka innafor Nysetra i Lordalen vart dokumentert i 2004.

*Rusefangstanlegget ved Fellingvatnet og fangstgraver ved Fellingkroken.

*Fangstanlegget i Hattremsådalen og fangstgraver ved Vesl-Skjærvedalen i 2006.

*Fangstgraver og rusefangstanlegget i Gravidalen i 2008.

Øystein Mølmen har som kjent registrert mange av kulturminnene i Reinheimen. Per Dagsgard i Skjåk, har også i lang tid registrert fangstminner innan Skjåk kommune. Elles har Reidar Marstein kartlagt fangstminner i Lom, Asle Heggheim i Vågå og Rolf Sørungård i Lesja.

Tal registreringsdagar

I samband med registreringane i 2010, har vi brukt 22 dagar i felt, 2 dagar til planlegging av arbeidet og møteverksemd om ulike lokaliteter, samt 3 dagar til fagleg oppdatering. Ein av dagane i felt var var ein fellestur for oppsyn, forvaltning og informantar i Reinheimen der vi bidrog med skildring registreringsprosedyre og såg på nokre av lokalitetane i området Honnsjøen-I Liafjellet.

Oversyn over arbeidet:

16. juni. Registrering av fangstgraver ved Henningshøe, nedunder Kjølen.

24. juni. Registrering av fangstgraver ved Leirhø og Fellinghø

28. juni. Registrering av fangstgraver ved Søre Løfte.

29. juni. Planlegging, samt møte i Skjåk kommune.

17. juli. Registrering ved Store Lusa.

18. juli. Registrering ved Honnsjøen.

23 juli. Synfaring og registrering på Liafjellet.

24. juli. Registrering av Liafjellanlegget (den lange fangstgroprekka).

25. juli. Registrering av Liafjellanlegget.

4. august. Registrering av bågåstøanlegget ved Skaihø.

5. august. Registrering av bågåstøanlegget ved Skaihø.

7. august. Registrering av fangstgraver ved Galåe, nedunder Kjølen.

9. august. Open dag, Reinheimen (Honnsjøen, St Lusa, Storteppingsranden og Liafjellet)

12. august. Registrering av bågåstøanlegg ved Sterringshø.

13. august. Oppsamlingsregistrering på diverse lokalitetar ved Liafjellet.

- 16. august. Registrering i Grøndalen (fangstgrav, steinbu osv).
- 17. august. Leiting etter fangstgraver ved Vesl-Felling.
- 6. september. Møte i Nordal med kommunerepresentant og informantar.
- 7. september. Registrering av bågåstøanlegget ved Litlejordshornet.
- 14. september. Registrering av stolpehol og nye funn ved Verket, nedunder Grøn-
høe (anlegget er ufullstendig registrert med eldre GPS)
- 21. september. Synfaring i Gravdalen og registrering av fangstgraver.
- 28. september. Registrering av resten av stolpehola ved Verket
- 29. september. Registrering av fangstgraver i Asbjørnsdalen
- 30. september. Registrering av fangstgraver i Asbjørnsdalen

Personell

Personar som har delteke i registreringa er Runar Hole, Per Jordhøy, Rolf Sørungård, Kjersti Tidemansen og Endre Hage. Asle Heggheim, Reidar Marstein og Astor Furseth har og vore med ein dag.

Kartlegginga

Saman med ein del moglege skremmevardar og nokre ukjente funn har vi minst 404 kartlagde lokalitetar i Reinheimen Nasjonalpark. Av desse er det 207 bågåstøer, 94 steinmura fangstgraver og 88 fangstgroper. 12 steinbuer eller boplasslokalitetar og truleg 2 kjøtgjøymer. Vi fann og ei fin fjellrevfelle i Asbjørnsdalen, men den er nok ikkje særskilt gammal.

”Nye funn”

Det vart funne ”nye” fangstminner ved alle tidlegare registrerte fangstanlegg. Det mest ufullstendig kartlagte anlegget var den lange fangstgroprekka over Liafjellet. Vi fann her fleire ”nye” groper i tillegg til dei gropene som Reidar Marstein kjente til. ”Liafjellanlegget” viste seg å halde fram så langt at vi fikk kobla oss opp mot nokre dokumenterte groper i viggekanten ned mot Finndalen. Det var svært interessant å sjå korleis fangstfolka har sperra av heile tangen med anlegg ut mot Skaihø-området. Det best dokumenterte anlegget frå tidlegare som vi nyregistrerte, var fangstgravrekka ved Honnsjøen. Her fann vi berre ei ekstra fangstgrav i høve til den detaljerte skissa til Mølmen. Inntrykket ein sit att med er at ein stadig kan finna nye objekt, også ved søk i tidlegare granska anlegg. Anlegget ved Store Lusa er eit godt døme på det. Her har Mølmen publisert nokre fangstgraver. Lokal kjentmann Reidar Marstein visste om mange fleire og under registreringa fann i tillegg til det ei fangstgrav til. Det er difor nyttig å innhente opplysningar fra lokalkjente folk, sjølv om eit område ser ut til å vere godt kartlagt tidlegare. Dataene til Mølmen er dei første systematiske registreringane i området, men vi har ikkje fullt oversyn over dette store materialet. Dette skal vi gjere i 2010/2011 slik at vi har eit slikt oversyn klart før neste års feltsesong.

Oppsummering

NINA har totalt minst 335 registreringar fordelt på 21 dagar i felt innafor Reinheimen Nasjonalpark i 2010. Registreringsarbeidet har avdekt fleire objekt i allereie-dokumenterte anlegg og ein del ”nye funn”. Kjeldematerialet må vere gjennomgått og oppsummert før neste sesong. Vidare må det føreligge ein prioriteringsplan for feltarbeidet.



Asle Heggheim studerer ei fangstgrav med ledegjerde. Lokaliteten ligg på 1400 meters høgde ved Sterringshøe i eit større bågastøanlegg. Foto: Runar Hole.

Vedlegg 3. Årsrapport Feltarbeid 2011

Registrering av fangstrelaterte kulturminne i Reinheimen Nasjonalpark

Av Runar Hole 5. juli 2012

Bakgrunn

NINA har arbeidd med registrering av fangstminne i Reinheimen i 2010 og 2011. Kontaktutvalet for Reinheimen (KUR) har vore med og støtta arbeidet økonomisk. Kulturspora i dette fjellområdet består hovudsakeleg av ulike jakt- og fangstminner for villrein. Arbeidet har bestått i å få oversyn over tidlegare registreringar og legge desse inn på data, samt kartlegge på nytt interessante anlegg eller søke og registrere i område som er lite undersøkt. Denne rapporten oppsummerar arbeidet i sesongen 2011.

Tidlegare registreringar

NINA har sidan 2002 nyregistrert ei rekke fangstanlegg i Reinheimen:

*Massefangstanlegget ved Verket i 2003 (dette anlegget ligg rett ved grensa til Nasjonalparken).

*Fangstgroprekka innafor Nysetra i Lordalen vart dokumentert i 2004.

*Rusefangstanlegget ved Fellingvatnet og fangstgraver ved Fellingkroken.

*Fangstanlegget i Hattremsådalen og fangstgraver ved Vesl-Skjærvedalen i 2006.

*Fangstgraver og rusefangstanlegget i Gravidalen i 2008.

Øystein Mølmen har registrert mange av kulturminnene i Reinheimen. Per Dagsgard i Skjåk har også i lang tid registrert fangstminner innan Skjåk kommune. Elles har Reidar Marstein kartlagt fangstminner i Lom, Asle Heggheim i Vågå og Rolf Sørungård i Lesja. I vest, og spesielt i Norddal kommune, har Astor Furset kartlagt fleire «nye» fangstminne dei seinare åra.

Tal registreringsdagar i 2011

I samband med registreringane i 2011, har vi brukt 26 dagar i felt, 3 dagar til planlegging av arbeidet og etterarbeid med frivillige registranter, samt 1 dag til formidling av kulturminna til publikum. Sjølv om ein av dagane i felt var organisert som guida tur til registrerte kulturminne, oppdaga vi to uregistrerte fangstgroper og ein flintkniv til turdeltakarane si store interesse. Ellers har det gått med ein del dagar til etterarbeid av datamaterialet.

Oversyn over arbeidet:

5. juni. Registrering ved Knutskoppen i Norddal kommune.

14. juni. Møte i Valldal med lokale og friviljuge registratorar om årets arbeid og område som skal prioriterast.

17. juni. Registrering i Dyrdalen i Stordal kommune.

Juli 2011. Arbeid med å lage eit powerpoint-foredrag til Fjellfestivalen på Åndalsnes. Foredraget skal handle om jakt og fangstminna i Reinheimen og kartlegginga til NINA, med spesielt fokus på arbeidet i 2010.

02. juli. Registrering ved Kupene og Strupen i Norddal kommune

- 08. juli. Registrering i Grovaskardsbotn, i Rauma kommune
- 13. juli. Registrering ved Storvatnet i Norddal kommune
- 13. juli. Registrering ved Middagshesten i Norddal kommune
- 14. juli. NINA-foredrag om jakt og fangstminner i Reinheimen
- 15. juli. Fjellfestivaltur i samarbeid med NINA til kulturminna i Grovaskardsbotn.
- 15. juli. Registrering i Gråsteindalen i Stranda kommune
- 27. juli. Registrering ved Gråvåtjønn i Lesja kommune
- 29. juli. Registrering ved Sletthø i Lesja kommune
- 30. juli. Registrering i Alnesdalen i Rauma kommune.
- 31. juli. Registrering ved Bolletehornet
- 01. august. Herdalseggen i Norddal kommune
- 02. august. Isglupane i Norddal og Rauma kommune
- 05. august. Puttbudalen i Rauma kommune
- 10. august. Vermevatnet i Rauma kommune
- 11. august. Ringshornet i Norddal kommune
- 12. august. Blåfjellet i Norddal kommune
- 19. august. Registrering ved Trollkyrkja i Norddal kommune
- 08. september. Registrering i ved Muldalslaupet og Glupen i Norddal kommune.
- 12. september. Vermedalen og Langvatnet i Rauma kommune
- 17. september. Registrering ved Oaldsvatnet og Nonsvatnet i Norddal kommune
- 21. september. Registrering ved Hegguraksla i Norddal kommune.
- 27. september. Registrering ved Alnesreset i Rauma og Norddal kommune
- 01. oktober. Slettflybottvatnet og Kulevatnet i Rauma og Norddal kommune
- 29. oktober. Registrering i Steindalen i Norddal kommune
- 06. januar 2012. Møte i Norddal om årets feltarbeid med registranter
- 07. januar 2012. Møte i Norddal med registranter.
- Vår og sommer 2012: Arbeid med data og rapport.

Personell

Personar som har delteke i registreringa er Runar Hole, Astor Furset, Lars Valdal, Bjørn Helge Nygård, Oddny Nygård, Endre Hage, Trond Stensby, Ove Hansen, Steinar Stakkestad, Frank Furset og Eva Furset

Kartlegginga

For sesongen 2011 har vi registrert 358 GPS-punkt på ulike kulturminne i felt. Av desse er det dokumentert 35 fangstgroper for rein, 251 bågastø/soter, 28 boplassar/steinbu/heller, 2 gjenstandsfunn, 2 kjøttlager, 4 steinmurer på ulike stader og 2 vardar på ein bågastølokalitet. Av dei 258 registreringane, er omlag halvparten (172 stk) gjort i fjellområde tett inntil Reinheimen Nasjonalpark i Norddal kommune, hovudsakeleg av frivillige registrantar. Mesteparten av registreringane i Reinheimen i 2011 er gjort i nordvestlege delar av nasjonalparken. Dette var eit prioritert område denne sesongen. Ein av lokalitetane er ved Ringshornet og vart registrert av NINA, sjølv om staden ligg utanfor grensa til Reinheimen NP. Dette fordi det er eit stort og spesielt bågastøanlegg som fortel om reinen sin bruk av området heilt nordvest i Reinheimen NP.

Nye funn

Vi har funne fleire «nye» fangstgroper. Elles er det registrert ei rekke tidlegare udo-kumenterte bågastøer, spesielt i Norddal kommune. Dette er mykje takka innsatsen og lokalkunnskapen frå friviljuge registrantar. Det mest spesielle funnet var kanskje ein flintkniv vi fann i Lågmidthøa ved Grovaskardsbotn under fjellfestivalturnen. Funnet viser at steinalderfolka også har vore i denne delen av Reinheimen.


Oversyn

NINA har samla og gått gjennom alle tidlegare og kjende registreringar i Reinheimen nasjonalpark. Opplysningar frå nærområdet til Reinheimen er og teke med der vi hadde tilgang på slike. Alle data er saman med nyregistreringane i 2010 og 2012, lagt inn i datafiler slik at dei kan overførast til Askeladden (Riksantikvarens database for kulturminne), eller til andre. Datafilene kan for eksempel brukast til å utarbeide kart.

Oppsummering

NINA har totalt minst 176 nyregistreringar fordelt på 15 dagar i felt innafor Reinheimen Nasjonalpark i 2011.

Vedlegg 4. Brev med prosjektavtale



Kontaktutvalet for Reinheimen
Sekretariatet

Side 2 av 2

«MOTTAKERNAVN»
«ADRESSE»
«POSTNR» «POSTSTED»

«KONTAKT»

Vår ref	Dyktar ref.	Saksbehandler	Dato
2010/887/223	«REF»	Trond Stensby	16.03.2011

Registrering av fangstanlegg for villrein i Reinheimen. Referat frå møte på Norsk Villreinsenter Nord 16.03.11.

Til stades:

- Per Jordhey, NINA
- Runar Hole, NINA
- Kristoffer Dahle, Møre- og Romsdal fylkeskommune
- Henniette Aasen, Oppland fylkeskommune
- Anne Engesveen, Oppland fylkeskommune
- Lars Fransplass, Kontaktutvalet for Reinheimen
- Raymond Sørensen, Norsk Villreinsenter Nord
- Trond Stensby, Kontaktutvalet for Reinheimen

Tema som vart drøfta:

1. Gjennomgang av registreringane i 2010
Per Jordhey orienterte. Vesentlege punkt:
Stor fangstanlegg: Skalden, Gravdalen, Slåddalen - Skjervedalen, Finndalen-Lisfjellet-Honningsen, Fellingsvatnet, Lemingsvatnet, Lordalen og Lillejordshomet. (Sjå også tidlegare utsendt notat om registreringane i 2010: http://www.reinheimen.no/file=3132.m_fotoalbum <http://www.reinheimen.no/file=3230>).

Trond Stensby viste til møtet i forkant av registreringane i 2010, og meinte vestlege område burde ha vore sterkare prioritert, også for samordning iit arbeidet med regional plan.

Per Jordhey meinte likevel det var gjort ein stor innsats i vest både gjennom kartleggingar og møte med informantar. Runar Hole opplyste i tillegg at forehandskjernskapentil anlegg i vestlege strok var noko for dårleg til å kunne gjennomføre eit effektivt feltarbeid.

Raymond Sørensen presiserte også at dei kulturminna ein har opplysningar om vestover blir vektlagt i arbeidet med den regionale planen.

Fødselsnr	Brevkaldress	Telefon	Bank
2665 Lesja	Internett	01 24 41 00	2081 19 00142
E-post: postmottak@lesja.kommune.no	www.lesja.kommune.no	Telefaks	01 24 41 04

2. Planlegging av registreringane 2011.
NINA vil følge opp arbeidet i 2011. Med bakgrunn i KUR sitt ønske om å få gjort kartleggingar i heile vemeområdet vil ein vesentleg innsats i registreringsarbeidet bli lagt til Norddal og Raumsjø område i Reinheimen, jf. også møte med informantari 2010.

3. Utveksling av data
Direktoratet for naturforvaltning og Riksantikvaren har hatt møte med Sør-Trøndelag fylkeskommune og Hedmark fylkeskommune, og utarbeidd ein manual for innlegging av NINA-data i Askeladden. Beklaeleg at Oppland fylkeskommune og Møre og Romsdal fylkeskommune ikkje var involvert informert. Arkeolog Knut Harald Stomsvik er kontaktperson.

Fylkeskommunesjekar ut kva for filer med NINA-data dei allereste sitt på. NINA sender over data som manglar.

NINA sin eigen innsynslysing for fangstminne har ikkje vore oppdatert siste to år.

4. Pedagogisk opplegg
NINA og Kristoffer Dahle samarbeider om eit foredrag, utført under Norsk Fjellfestival 2011 på Åndalsnes. Per Jordhey understreka at det er viktig med ei spennande vinkling for å få folk til å møte.

Elles kan data frå prosjektet formidlast ved Norsk Fjellmuseum og Lesja Bygdemuseum.

5. Sluttrapport.
Sluttrapporten vil ha to hovuddelar:

- Data lagt inn i Askeladden
- Ein tekstdel som omtaler hovudtrekka / dei største fangstanlegga i Reinheimen.

6. Andre kulturminne
Fylkeskommunen ønskjer også å få overført data for andre registrerte kulturminne enn dei som er knytt til villreinfangst, jf. også samiske kulturminne.

Ref.
Trond Stensby
nasjonalparkforvaltar



Norsk institutt for naturforskning (NINA) er et nasjonalt og internasjonalt kompetansesenter innen naturforskning. Vår kompetanse utøves gjennom forskning, utredningsarbeid, overvåking og konsekvensutredninger.

NINAs primære aktivitet er å drive anvendt forskning. Stikkord for forskningen er kvalitet og relevans, samarbeid med andre institusjoner, tverrfaglighet og økosystemtilnærming. Offentlig forvaltning, næringsliv og industri samt Norges forskningsråd og EU er blant NINAs oppdragsgivere og finansieringskilder.

Virksomheten er hovedsakelig rettet mot forskning på natur og samfunn, og NINA leverer et bredt spekter av tjenester gjennom forskningsprosjekter, miljøovervåking, utredninger og rådgiving.

ISSN:1504-3312
ISBN: 978-82-426-2223-5

Norsk institutt for naturforskning

NINA Hovedkontor

Postadresse: Postboks 5685 Sluppen, 7485 Trondheim

Besøks/leveringsadresse: Høgskoleringen 9, 7034 Trondheim

Telefon: 73 80 14 00, Telefaks: 73 80 14 01

E-post: firmapost@nina.no

Organisasjonsnummer 9500 37 687

<http://www.nina.no>

Samarbeid og kunnskap for framtidens miljøløsninger